
Fra: Benjamin Stephen Hicks
Sendt: 4. oktober 2016 12:08
Til: 'fmhoctl@fylkesmannen.no'
Emne: Sak 14/2113 Gbnr 11/64 og 11/85 Hølleland
Vedlegg: Førebels svar - Gbnr 1164 og 1185 Hølleland(188382).docx

Cathrine Tvedt Lorentzen,

Viser til epost av 30.09.2016 der du ber om kommentarer til omgjøringsbegjæring frå advokatfirmaet Harris v/advokat Torhild Matteredne Skoge.

Etter saka vart oppheva har kommunen sendt ut mangelbrev til tiltakshavar og ansvarleg søkjar då fritidsbustaden er større enn det som det er gjeve dispensasjon for.

Kopi av mangelbrevet er lagt ved.

Fylkesmannen må sjølv vurdere om manglande dispensasjonssøknad og dispensasjonsvedtak er grunnlag for å opprettholde opphevinga.

I forhold til oversittelse av klagefrist vil vi påstå at klagefristen etter fvl § 29 annet ledd annet punktum er absolutt, og skal reknast frå vedtakstidspunktet.

Det må utan vidare kunne konstaterast at fristen er overskriden i denne saka. Det neste spørsmålet er då om oppreising for fristoversitting kan gis etter fvl. § 31.

Etter det vi kan sjå så er vilkåra for oppreising for fristoversitting til stades.

Fylkesmannen må sjølv vurdere om fvl § 31 første ledd bokstav a eller b kan gi grunnlag for fristoversitting.

Med venleg helsing,

Benjamin Hicks

rådgjevar